

Møteprotokoll

Kommunestyret

Møtedato: 12.02.2026

Møtetid:

10:00 - 17:00

Møtestad: Blix hotell

Saksnr.:

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aleksander Valsvik	AP
Aud Marit Berge Feidje	AP
Bjarne Engum	SP
Bjarne Larsen	AP
Dag Einar Bøtun	SP
Eivind Sverre Lidal	SP
Hild Berglund	AP
Jens Andreas Melheim	AP
Lars-Magnus Romslo Bungum	AP
Marta Sofie Vange	H
Morten Midlang	H
Ottar Wiik	SV
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP
Rune Tangstad	AP
Siri Wølneberg Bøthun	SP
Victoria Midlang Harbakk	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Björg Eldri Fritsvold	SV

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Ottar Wiik	SV

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti
Marta Sofie Vange	H	006/26	Ingvar Vangsnes	H
Jens Andreas Melheim	AP	006/26	Kristin Ulvestad	AP
Rune Lunde	AP	006/26	Reidunn Bolstad	AP
Morten Midlang	H	006/26	Ragnvald Grov Sørдал	H
Aud Marit Berge Feidje	AP	010/26	Reidunn Bolstad	AP
Victoria Midlang Harbakk	AP	010/26	Oddvar Tryti	AP

#velkomentilvik



Jens Andreas Melheim	AP	010/26	Ingen vara	
----------------------	----	--------	------------	--

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
002/26	Referatsaker
003/26	Kommunestyret sin spørjetime
004/26	Orienteringssaker til kommunestyret 12.02.26
005/26	KS debattheft 2026 - tid for taktskifte
006/26	Vik kommune si høyringsuttale til konsesjonssøknadane frå Statnett, Sygnir og Statkraft for kraftleidningstiltak i Vik kommune
007/26	Fritak eigedomsskatt etter egedomsskattelova § 7 a-b for 2026
008/26	Regionsamarbeid - søknad om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO
009/26	Rekruttering ny kommunedirektør - prosess og oppnemning av innstillingsutval
010/26	Feidje vassverk
011/26	Kristianhus - framtidig bruk og utvikling
012/26	Mottak av flyktningar 2026



001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

12.02.2026 Kommunestyret

Ordførar gjorde framlegg om følgjande endringar i saksrekkjefølga:

Sak 006/26 Vik kommune si høyringsuttale til konsesjonssøknadane frå Statnett, Sygnir og Statkraft for kraftleidningstiltak i Vik kommune startar kl. 13.00. Sak 010/26 Feidje vassverk kjem rett etter sak 006/26.

KS - 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Bjarne Engum (SP) og Victoria Midlang Harbakk (AP)

Samrøystes.

002/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

12.02.2026 Kommunestyret

KS - 002/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

003/26: Kommunestyret sin spørjetime

12.02.2026 Kommunestyret

Ordførar orienterte om at det ikkje var spørsmål i spørjetimen.



KS - 003/26 Vedtak:

Handsaminga gav ikkje grunnlag for vedtak.

Samrøystes.

004/26: Orienteringssaker til kommunestyret 12.02.26**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

12.02.2026 Kommunestyret

- Anna Kobbeltvedt frå Sogn Friluftsråd orienterte om friluftsåret 2025.
- Regiondirektør Kåre Hønsi og kraftverksjef Inge Hass i Statkraft orienterte om selskap og aktivitet i Statkraft.
- Dagleg leiar Line Bjelde i Sogn Næring orienterte om handlingsplan næringsutvikling Vik kommune 2026.

Ordførar orienterte om

- Reise til Brussel om EU og EØS avtale med kommunedirektørar og ordførarar i heile landet.
- Besøk frå Hordalandsbenken (AP) Fengsel, politi, einslege mindreårige bustad - stortingspolitikarane June Trengereid Gruer i justiskomiteen og Kjetil Jakobsen i kulturkomiteen vart invitert for å sjå på fengsel, politi og bustad til einslege mindreårige i Vik kommune. Det vart teke opp mange viktige tema. Samfunnstryggleik og beredskap, finansieringordningar for einslege mindreårige, politiberedskapen i Vik og samlokalisering av politi og fengsel (nytt prosjekt).
- Møte med samferdsledepartementet i høve betre ferjefrekvensar tilpassa dagens behov - Ordførar hadde eit møte med statssekreter i samferdsledepartementet Jakob Våren 10.02.26.
- Sogn IPR - orienteringar om status i regionen. Stor sak i høve vedtak om nedlegging av Lærdal sjukehus, ortopediavdelinga der 40 arbeidsplassar fell bort. I kjølevatnet av dette vedtaket kjem det ei fellesutgreiing om kommunane Årdal, Lærdal, Aurland og Vik skal bytte helseforetak.
- Ordførar orienterte om innspel frå foreldre som har ungar på Voss vidaregåande skule - korrespondansen på bussruter til og frå Voss må bli betre. Ordførar vil følgje opp og jobbe vidare med å få betre rutetilbod. Vik kommune har allereie spelt dette inn i brev til Skyss/Vestland fylkeskommune.
- Ordførar og Aud Marit Berge Feidje har vore i Oslo og hatt møte med Statsministar Jonas Gahr Støre - her tok ordførar opp at Sogn fekk for lite att når det kom til statsbudsjettet, NTP og rassikring.
- Statssekretær i landbruksdepartementet Annette Stegehjem Norberg kjem til Vik 10.03.26.



Kommunedirektøren orienterte om

- Deltaking i læringsnettverk berekraftig omstilling i regi av Statsforvaltaren i Vestland og Rogaland i samarbeid med KS Vest.
- Årsresultat Vik kommune
- VHO - voldgift
- Totalforsvarsåret 2026
- Coop bygget - status
- Sogn KO

Vestlandsforskning orienterte om tålegrenseanalyse for Vik.

Presentasjonar er lagt ved sak.

KS - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

005/26: KS debathefte 2026 - tid for taktskifte

Kommunedirektøren si tilråding

Vik kommune sendar følgjande innspel til KS:

Spørsmål 1:

For å auke endringstakta for berekraftig velferd vil det vera viktig å kombinera strategisk styring og praktiske tiltak, gjennom å:

- auke bruken av digitale løysingar, robot og KI teknologi som vil effektivisera tenestene og frigjera tid til kjerneoppgåvene
- prioritere etter- og vidareutdanning for å møte kommunen sine behov i alle tenester og spesielt ved omstilling
- styrke samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og frivilligheit for å dela ressursar og kompetanse
- utvikle kultur for kontinuerleg forbetring og handtera omstilling
- få fleire til å ønskje og arbeide i heile stillingar, og nytta arbeidskraftreserven fullt ut som ligg i å inkludere eldre arbeidstakarar
- inkludere den lokale arbeidskraftressursen som står utanfor arbeidslivet
- leggje til rette for at arbeidsutprøving av unge bør ha lengre lengd for å sikre meistring til å kome attende i jobb
- ta i bruk andre ressursar og kompetanse som ligg utanfor kommunen sin kjernekompetanse



Spørsmål 2:

For å kunne ta i bruk eksisterande arbeidskraftsressursar vil det vera viktig å:

- vurdere oppgåvedeling og digitalisering for å frigjera tid til kjerneoppgåver til liks med Tørn prosjektet for helse- og omsorgssektoren
- nytte ressursene på tvers i organisasjonen i større grad enn i dag
- utvikle ein kultur for å lukkast med nødvendig omstilling
- sjå på korleis Vik kommune kan nytta det regionale samarbeidet til å få større fagmiljø og styrke tenestetilbodet
- nyttiggjera ulike arbeidstidsordningar
- stimulere for at tilsette skal stå lenger i jobb
- utvikle kultur for å stimulera til å vera ein god opplæringsbedrift ved å ta i mot fleire lærlingar og studentar

Spørsmål 3:

For å styrke beredskapsevna vil Vik kommune prioritera å:

- kartleggje tilsette med tenesteplikt, og lage planar for dei som vert teken ut av den kommunale tenesta i ein krigssituasjon
- styrke samarbeidet med andre beredskapsaktørar, både næringsliv, interkommunalt samarbeid i Sogn og utvikle ein organisasjon som støttar opp under Totalberedskapsmeldinga
- styrke regionalt samarbeid om beredskap, kriseleiing og øvingar
- jobbe for at lokalsamfunnet vert meir robust for å meistre større og uønska hendingar
- redusere sårbarheit og auka digital tryggleik og infrastruktur
- arbeida for å oppretthalde politiberedskapen i Vik kommune sidan kommunen er sårbar når kritisk infrastruktur vert råka. Med stengt fjellovergang og svikt i ferjesamband er kommunen heilt isolert.
- sjå på forsyningstryggleik og transportberedskap på grunn av den geopolitiske situasjonen og uroa i verda

05.02.2026 Formannskapet

Personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 005/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommune sendar følgjande innspel til KS:



Spørsmål 1:

For å auke endringstakta for berekraftig velferd vil det vera viktig å kombinera strategisk styring og praktiske tiltak, gjennom å:

- auke bruken av digitale løysingar, robot og KI teknologi som vil effektivisera tenestene og frigjera tid til kjerneoppgåvene
- prioritere etter- og vidareutdanning for å møte kommunen sine behov i alle tenester og spesielt ved omstilling
- styrke samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og frivilligheit for å dela ressursar og kompetanse
- utvikle kultur for kontinuerleg forbetring og handtera omstilling
- få fleire til å ønskje og arbeide i heile stillingar, og nytta arbeidskraftreserven fullt ut som ligg i å inkludere eldre arbeidstakarar
- inkludere den lokale arbeidskraftressursen som står utanfor arbeidslivet
- leggje til rette for at arbeidsutprøving av unge bør ha lengre lengd for å sikre meistring til å kome attende i jobb
- ta i bruk andre ressursar og kompetanse som ligg utanfor kommunen sin kjernekompetanse

Spørsmål 2:

For å kunne ta i bruk eksisterande arbeidskraftsressursar vil det vera viktig å:

- vurdere oppgåvedeling og digitalisering for å frigjera tid til kjerneoppgåver til liks med Tørn prosjektet for helse- og omsorgssektoren
- nytte ressursene på tvers i organisasjonen i større grad enn i dag
- utvikle ein kultur for å lukkast med nødvendig omstilling
- sjå på korleis Vik kommune kan nytta det regionale samarbeidet til å få større fagmiljø og styrke tenestetilbodet
- nyttiggjera ulike arbeidstidsordningar
- stimulere for at tilsette skal stå lenger i jobb
- utvikle kultur for å stimulera til å vera ein god opplæringsbedrift ved å ta i mot fleire lærlingar og studentar

Spørsmål 3:

For å styrke beredskapsevna vil Vik kommune prioritera å:

- kartleggje tilsette med tenesteplikt, og lage planar for dei som vert teken ut av den kommunale tenesta i ein krigssituasjon
- styrke samarbeidet med andre beredskapsaktørar, både næringsliv, interkommunalt samarbeid i Sogn og utvikle ein organisasjon som støttar opp under Totalberedskapsmeldinga
- styrke regionalt samarbeid om beredskap, kriseleiing og øvingar
- jobbe for at lokalsamfunnet vert meir robust for å meistre større og uønska hendingar
- redusere sårbarheit og auka digital tryggleik og infrastruktur
- arbeida for å oppretthalde politiberedskapen i Vik kommune sidan kommunen er sårbar når kritisk infrastruktur vert råka. Med stengt fjellovergang og svikt i ferjesamband er kommunen heilt isolert.



- sjå på forsyningstryggleik og transportberedskap på grunn av den geopolitiske situasjonen og uroa i verda

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

KS - 005/26 Vedtak:

Vik kommune sendar følgjande innspel til KS:

Spørsmål 1:

For å auke endringstakta for berekraftig velferd vil det vera viktig å kombinera strategisk styring og praktiske tiltak, gjennom å:

- auke bruken av digitale løysingar, robot og KI teknologi som vil effektivisera tenestene og frigjera tid til kjerneoppgåvene
- prioritere etter- og vidareutdanning for å møte kommunen sine behov i alle tenester og spesielt ved omstilling
- styrke samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og frivilligheit for å dela ressursar og kompetanse
- utvikle kultur for kontinuerleg forbetring og handtera omstilling
- få fleire til å ønskje og arbeide i heile stillingar, og nytta arbeidskraftsreserven fullt ut som ligg i å inkludere eldre arbeidstakarar
- inkludere den lokale arbeidskraftressursen som står utanfor arbeidslivet
- leggje til rette for at arbeidsutprøving av unge bør ha lengre lengd for å sikre meistring til å kome attende i jobb
- ta i bruk andre ressursar og kompetanse som ligg utanfor kommunen sin kjernekompetanse

Spørsmål 2:

For å kunne ta i bruk eksisterande arbeidskraftsressursar vil det vera viktig å:

- vurdere oppgåvedeling og digitalisering for å frigjera tid til kjerneoppgåver til liks med Tørn prosjektet for helse- og omsorgssektoren
- nytte ressursene på tvers i organisasjonen i større grad enn i dag
- utvikle ein kultur for å lukkast med nødvendig omstilling
- sjå på korleis Vik kommune kan nytta det regionale samarbeidet til å få større fagmiljø og styrke tenestetilbodet
- nyttiggjera ulike arbeidstidsordningar
- stimulere for at tilsette skal stå lenger i jobb
- utvikle kultur for å stimulera til å vera ein god opplæringsbedrift ved å ta i mot fleire lærlingar og studentar

Spørsmål 3:

For å styrke beredskapsevna vil Vik kommune prioritera å:



- kartlegge tilsette med tenesteplikt, og lage planar for dei som vert teken ut av den kommunale tenesta i ein krigssituasjon
- styrke samarbeidet med andre beredskapsaktørar, både næringsliv, interkommunalt samarbeid i Sogn og utvikle ein organisasjon som støttar opp under Totalberedskapsmeldinga
- styrke regionalt samarbeid om beredskap, kriseleiing og øvingar
- jobbe for at lokalsamfunnet vert meir robust for å meistre større og uønska hendingar
- redusere sårbarheit og auka digital tryggleik og infrastruktur
- arbeida for å oppretthalde politiberedskapen i Vik kommune sidan kommunen er sårbar når kritisk infrastruktur vert råka. Med stengt fjellovergang og svikt i ferjesamband er kommunen heilt isolert.
- sjå på forsyningstryggleik og transportberedskap på grunn av den geopolitiske situasjonen og uroa i verda

Samrøystes.

006/26: Vik kommune si høyringsuttale til konsesjonssøknadane frå Statnett, Sygnir og Statkraft for kraftleidningstiltak i Vik kommune

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen til konsesjonssøknadane frå Statnett, Sygnir og Statkraft for kraftleidningstiltak i Vik kommune, som kommuneadministrasjonen sendte til NVE innan fristen 7. januar.

05.02.2026 Formannskapet

- Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert deltok i møtet.
- Aud Marit Berge Feidje (AP) vart i kommunestyret sak 063/25 kjent ugild etter forvaltningslova §6 då ho er vara i styret til Sognekraft. Aleksander Valsvik (AP) tredde inn som vara.
- Marta Sofie Vange (H) vart i kommunestyret sak 063/25 kjent ugild etter forvaltningslova §6 då ho er grunneigar.

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **Høyringsuttale - Roy Egil Stadheim (AP)**

Spissa innhaldet med det som er merka raudt.

For: 4 stemmer (100%) - AP 3, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag



Forslag: Ta vekk setning under generell kommentar - Roy Egil Stadheim (AP)

Ta vekk setning “Folketalsutviklinga peikar nedover, og enkelte delar av kommunen nærmar seg eit kritisk nivå. I grunnkretsen Ovrisdalen har folketalet, ifølgje SSB, sidan 1999 gått ned med nesten 40 %.”

For: 4 stemmer (100%) - AP 3, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Avbøtande tiltak - Eivind Sverre Lidal (SP)**

Det vert sett som vilkår:

- Oppgradering av bruløysingane vert gjort permanent.
- Utbetring og asfaltering av den kommunale vegen i Ovrisherget, slik at den kan vere ein omkøyringsveg i anleggsperioden når ein utbetrar fylkesvegen ut til Refsdal.
- Administrasjonen får i oppdrag og innarbeide desse punkta i høyringsuttalen.

For: 4 stemmer (100%) - AP 3, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 0 stemmer (0%)

Mot: 4 stemmer (100%) - AP 3, SP 1

FS - 006/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med vedtekne endringar og tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg til uttale. Endringane om avbøtande tiltak vert lagt inn som eige avsnitt.

Avbøtande tiltak - det vert sett som vilkår:

- Oppgradering av bruløysingane vert gjort permanent.
- Utbetring og asfaltering av den kommunale vegen i Ovrisherget, slik at den kan vere ein omkøyringsveg i anleggsperioden når ein utbetrar fylkesvegen ut til Refsdal.
- Administrasjonen får i oppdrag og innarbeide desse punkta i høyringsuttalen.

Ta vekk setning “Folketalsutviklinga peikar nedover, og enkelte delar av kommunen nærmar seg eit kritisk nivå. I grunnkretsen Ovrisdalen har folketalet, ifølgje SSB, sidan 1999 gått ned med nesten 40 %.”



Spissa innhaldet med det som er merka raudt. Desse setningane i høyringsuttalen har tekst som er merka med raudt i vedlegg til saka. **(feit skrift i vedtaket)**

- Der 420 kV-linja kryssar dalen mellom mastene M20 og M15 ønskjer Vik kommune at linjeføringa blir justert **sørøver**, for å unngå at linja går rett over det regulerte området for massedeponi på Hesjasletta.
- **Når det gjeld 300 kV-linja krev kommunen at denne blir riven.**
- **Resten av 300 kV-linja må rivast.**
- Den gamle 300 kV-leidninga i dalen **må** rivast.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

- KS-advokat Frode Lauareid deltok i møtet på teams. Han bisto kommunestyret under møtet for å vurdere gildskap i kommunestyret.
- Ordførar la fram framlegg om Bjarne Larsen (AP) som sette-ordførar og kommunestyret valte samrøystes Bjarne Larsen (AP). Ordførar tredde frå og Larsen tok plass.
- Sette-ordførar la fram framlegg om Hild Berglund (AP) som sette-varaordførar og kommunestyret valte samrøystes Berglund (AP). Varaordførar tredde frå og Berglund tok plass.

Vurdering av gildskap i samarbeid med KS-advokat:

- Ordførar stilte spørsmål om sin gildskap då han overtok småbruk i 2023. Han eig cirka 4% av eit felleseige. KS advokat Lauvareid ga råd til kommunestyret om at ordførar var gild. Kommunestyret stemte samrøystes ordførar gild.
- Varaordførar stilte spørsmål om ho er ugild då det kjem ein jordkabel over tomta hennar. KS advokat Lauvareid ga råd til kommunestyret om at varaordførar var ugild. Kommunestyret stemte samrøystes varaordførar ugild.
- Jens Andreas Melheim (AP) - stilte spørsmål om han er ugild då han er nestleiar i konsernstyre til Sognekraft. KS advokat Lauvareid ga råd til kommunestyret om at Melheim var ugild. Kommunestyret stemte samrøystes Melheim ugild.
- Aud Marit Berge Feidje (AP) - stilte spørsmål om ho er ugild då ho er vara i styret til Sognekraft. KS advokat Lauvareid ga råd til kommunestyret om at Feidje var gild. Kommunestyret stemte samrøystes Feidje gild.
- Rune Lunde (AP) - stilte spørsmål om han er ugild. Lunde var grunneigar, men har no skøyt garden over på sonen. Linjeutbygginga fører til eit større inngrep på sonen sin eigedom med påfølgjande økonomisk tap. I tillegg informerte Lunde om at han har sendt eige høyringsinnspel til saka. KS advokat Lauvareid ga råd til kommunestyret om at Lunde var ugild. Kommunestyret stemte samrøystes Lunde ugild.
- Morten Midlang (H) - stilte spørsmål om han er ugild då mellom anna han og broren er grunneigarar i henholdsvis Steimsliv og Tenold. I tillegg har dei ei familiehytte som står i fare for å måtte vika for kraftlinjene. KS advokat Lauvareid ga råd til



kommunestyret om at Midlang var ugild. Kommunestyret stemte samrøystes Midlang ugild.

Framlegg til tilleggsmerknad frå kommunestyret - Siri Wølneberg Bøtun (SP)

Angående riving av 300 kV linje: Kommunestyret vil presisere at riving av 300 kV lina er eit krav frå kommunen. Under kommunen si handsaming av konsesjonssaka for Feios kraftverk og leidningsnett i samband med dette i 2013 og 2014, er jordkabel i kombinasjon med framtidig riving av eksisterande 300 kV nemnd som eit sentralt tiltak for å ta ned miljøbelastninga i Vik. Tiltaket var ein føresetnad for å ikkje reise motsegn mot utbygginga av Feios kraftverk. Jordkabel-løysinga vart omsøkt av utbyggjar Sognekraft, og NVE gav konsesjon. Me står fast ved viktigheita av jordkabel som avbøtande tiltak inn mot Hove transformatorstasjon.

Alternativ 1 vil gje ei særleg stor landskapsmessig belastning aust for Hove og ved inngangen til Seljadalen. Her vil ein få mange kraftlinjer med ulike mastetypar, og det vil bli fleire dalkryssingar ved inngangen til Seljadalen. Dette området er godt synleg frå Hove steinkyrkje, som høyrer til området Hove–Hopperstad, listeført av Riksantikvaren som «kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» (KULA). Dette er ikkje tilstrekkeleg vektlagt i konsekvensutgreiinga.

Det vert sett som vilkår frå Vik kommune at oppgradering av bruløysingane vert gjort permanent. Det må leggjast inn krav om utbetring og asfaltering av den kommunale vegen i Ovrisherget, slik at den kan vere ein omkøyringsveg i anleggsperioden når ein utbetrar fylkesvegen ut til Refsdal.

Aud Marit Berge Feidje (AP) ba om gruppemøte.

Ordførar sette kommunedirektøren sitt framlegg mot formannskapet sitt framlegg med tilleggsmerknad frå Bøtun(SP) og kommunestyret vedtok formannskapet sitt framlegg med tilleggsmerknad samrøystes.

KS - 006/26 Vedtak:

Avbøtande tiltak - det vert sett som vilkår:

- Oppgradering av bruløysingane vert gjort permanent.
- Utbetring og asfaltering av den kommunale vegen i Ovrisherget, slik at den kan vere ein omkøyringsveg i anleggsperioden når ein utbetrar fylkesvegen ut til Refsdal.
- Administrasjonen får i oppdrag og innarbeide desse punkta i høyringsuttalen.

Ta vekk setning “Folketalsutviklinga peikar nedover, og enkelte delar av kommunen nærmar seg eit kritisk nivå. I grunnkretsen Ovrisdalen har folketalet, ifølgje SSB, sidan 1999 gått ned med nesten 40 %.”

Spissa innhaldet med det som er merka raudt. Desse setningane i høyringsuttalen har tekst som er merka med raudt i vedlegg til saka. **(feit skrift i vedtaket)**



- Der 420 kV-linja kryssar dalen mellom mastene M20 og M15 ønskjer Vik kommune at linjeføringa blir justert **sørøver**, for å unngå at linja går rett over det regulerte området for massedeponi på Hesjasletta.
- **Når det gjeld 300 kV-linja krev kommunen at denne blir riven.**
- **Resten av 300 kV-linja må rivast.**
- Den gamle 300 kV-leidninga i dalen **må** rivast.

Sluttkommentar frå kommunestyret

Angående riving av 300 kV linje: Kommunestyret vil presisere at riving av 300 kV lina er eit krav frå kommunen. Under kommunen si handsaming av konsesjonssaka for Feios kraftverk og leidningsnett i samband med dette i 2013 og 2014, er jordkabel i kombinasjon med framtidig riving av eksisterande 300 kV nemnd som eit sentralt tiltak for å ta ned miljøbelastninga i Vik. Tiltaket var ein føresetnad for å ikkje reise motsegn mot utbygginga av Feios kraftverk. Jordkabel-løysinga vart omsøkt av utbyggjar Sognekraft, og NVE gav konsesjon. Me står fast ved viktigheita av jordkabel som avbøtande tiltak inn mot Hove transformatorstasjon.

Alternativ 1 vil gje ei særleg stor landskapsmessig belastning aust for Hove og ved inngangen til Seljadalen. Her vil ein få mange kraftlinjer med ulike mastetypar, og det vil bli fleire dalkryssingar ved inngangen til Seljadalen. Dette området er godt synleg frå Hove steinkyrkje, som høyrer til området Hove–Hopperstad, listeført av Riksantikvaren som «kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» (KULA). Dette er ikkje tilstrekkeleg vektlagt i konsekvensutgreiinga.

Det vert sett som vilkår frå Vik kommune at oppgradering av bruløysingane vert gjort permanent. Det må leggjast inn krav om utbetring og asfaltering av den kommunale vegen i Ovrisherget, slik at den kan vere ein omkøyringsveg i anleggsperioden når ein utbetrar fylkesvegen ut til Refsdal.

Samrøystes.

007/26: Fritak eigedomsskatt etter egedomsskattelova § 7 a-b for 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a- b får eigedommane på vedlagte liste fritak for eigedomsskatt for 2026. Vik kommunestyre vil, etter søknad, vurdere fritak etter § 7 b) for bygningar som i høve Vik kommune sin kulturminneplan kapittel 4.4 har historisk verdi.

05.02.2026 Formannskapet



Votering nr 1 - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1
Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 008/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a- b får eigedommane på vedlagte liste fritak for eigedomsskatt for 2026. Vik kommunestyre vil, etter søknad, vurdere fritak etter § 7 b) for bygningar som i høve Vik kommune sin kulturminneplan kapittel 4.4 har historisk verde.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

Retting i vedtaksforslag - Ottar Wiik (SV)

Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a- b får eigedommane på vedlagte liste fritak for eigedomsskatt for 2026. Vik kommunestyre vil, etter søknad, vurdere fritak etter § 7 b) for bygningar som i høve Vik kommune sin kulturminneplan kapittel 4 har historisk verde.

KS - 007/26 Vedtak:

Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a- b får eigedommane på vedlagte liste fritak for eigedomsskatt for 2026. Vik kommunestyre vil, etter søknad, vurdere fritak etter § 7 b) for bygningar som i høve Vik kommune sin kulturminneplan kapittel 4 har historisk verde.

Samrøystes

008/26: Regionsamarbeid - søknad om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Vik kommune søkjar om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO.
2. Detaking er under føresetnad av at dei andre eigarkommunane i Sogn brann og redning IKS óg søkjar om deltaking.

05.02.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**



For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 009/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Vik kommune søkjar om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO.
2. Detaking er under føresetnad av at dei andre eigarkommunane i Sogn brann og redning IKS óg søkjar om deltaking.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

KS - 008/26 Vedtak:

1. Vik kommune søkjar om deltaking i Vest brann- og redningsregion KO.
2. Detaking er under føresetnad av at dei andre eigarkommunane i Sogn brann og redning IKS óg søkjar om deltaking.

Samrøystes.

009/26: Rekruttering ny kommunedirektør - prosess og oppnemning av innstillingsutval

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Stilling som ny kommunedirektør vert lyst ut offentleg.
2. Kommunestyret oppretter innstillingsutval som får i oppgåve å velja rekrutteringsselskap, gjennomføra intervju og tilrå kandidat til stillinga jf. kommunelova § 5-7.
3. Kommunestyret vedtek at innstillingsutvalet skal ha følgjande oppgåver:
 - a. gjennomføra den praktiske delen av tilsettingsprosessen: godkjenna utlysningstekst, velje ut kandidatar til intervju, gjennomføra intervju og innstilla kvalifisert kandidat til kommunestyret.
 - b. Framforhandla avtale om løns- og tilsettingssvilkår til kommunestyrets godkjenning.
 - c. Innstillingsutvalet nyttar ekstern konsulentbistand innafor ei ramme oppad til kr 300.000. Kostnadene vert dekkja over disposisjonsfondet.



4. Innstillingsutvalet har følgjande medlemmer. I tillegg kjem ein hovudtillitsvald som fagforeiningane sjølv peikar ut.

-
-
-

5. Leiar av innstillingsutvalet er ordførar

05.02.2026 Formannskapet

Ordførar gjorde framlegg om følgjande medlemmer til innstillingsutvalet:

- Ordførar
- Varaordførar
- Ein representant i Senterpartiet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 010/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Stilling som ny kommunedirektør vert lyst ut offentleg.
2. Kommunestyret oppretter innstillingsutval som får i oppgåve å velja rekrutteringsselskap, gjennomføra intervju og tilrå kandidat til stillinga jf. kommunelova § 5-7.
3. Kommunestyret vedtek at innstillingsutvalet skal ha følgjande oppgåver:
 - a. gjennomføra den praktiske delen av tilsettingsprosessen: godkjenna utlysningstekst, velje ut kandidatar til intervju, gjennomføra intervju og innstilla kvalifisert kandidat til kommunestyret.
 - b. Framforhandla avtale om løns- og tilsettingssvilkår til kommunestyrets godkjenning.
 - c. Innstillingsutvalet nyttar ekstern konsulentbistand innafor ei ramme oppad til kr 300.000. Kostnadene vert dekkja over disposisjonsfondet.
4. Innstillingsutvalet har følgjande medlemmer. I tillegg kjem ein hovudtillitsvald som fagforeiningane sjølv peikar ut.
 - Ordførar
 - Varaordførar



- Ein representant i Senterpartiet
5. Leiar av innstillingsutvalet er ordførar

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

Bjarne Engum (SP) gjorde framlegg om Eivind Lidal (SP) blir valt som medlem av innstillingsutvalet.

KS - 009/26 Vedtak:

1. Stilling som ny kommunedirektør vert lyst ut offentleg.
2. Kommunestyret oppretter innstillingsutval som får i oppgåve å velja rekrutteringsselskap, gjennomføra intervju og tilrå kandidat til stillinga jf. kommunelova § 5-7.
3. Kommunestyret vedtek at innstillingsutvalet skal ha følgjande oppgåver:
 - a. gjennomføra den praktiske delen av tilsettingsprosessen: godkjenna utlysningstekst, velje ut kandidatar til intervju, gjennomføra intervju og innstilla kvalifisert kandidat til kommunestyret.
 - b. Framforhandla avtale om løns- og tilsettingssvilkår til kommunestyrets godkjenning.
 - c. Innstillingsutvalet nyttar ekstern konsulentbistand innafor ei ramme oppad til kr 300.000. Kostnadene vert dekkja over disposisjonsfondet.
4. Innstillingsutvalet har følgjande medlemmer. I tillegg kjem ein hovudtillitsvald som fagforeiningane sjølv peikar ut.
 - Ordførar Roy Egil Stadheim
 - Varaordførar Marta Sofie Vange
 - Formannskapsmedlem Eivind Lidal
5. Leiar av innstillingsutvalet er ordførar

Samrøystes.

010/26: Feidje vassverk

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande tilråding:



1. Vik kommune tek ikkje over Feidje vassverk.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å greia ut moglegheita for at Feios kyrkje og Feios skule og barnehage vert kopla til Rinde vassverk.

05.02.2026 Formannskapet

Aud Marit Berge Feidje (AP) stilte spørsmål om ho er ugild i saka, då ho bur i området og var tidlegare abonnent hjå Feidje vassverk. Aud Marit Berge Fedje har no privat vassverk og er kobla frå. Dersom Feidje vassverk vert kommunalt må mest sannsynleg garden Berge Feidje bur på bli abonnent på det kommunale vassverket. Saka får dermed konsekvenser for Berge Feidje. Formannskapet stemte Feidje samrøystes ugild etter forvaltningslova §6. Aleksander Valsvik (AP) tredde inn som vara.

Votering nr 1 - Votering over forslag
Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 011/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande tilråding:

1. Vik kommune tek ikkje over Feidje vassverk.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å greia ut moglegheita for at Feios kyrkje og Feios skule og barnehage vert kopla til Rinde vassverk.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

Tenesteleiar Thomas Hjortland og Kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

- Aud Marit Berge Feidje (AP) stilte spørsmål om ho er ugild i saka, då ho bur i området og var tidlegare abonnent hjå Feidje vassverk. Aud Marit Berge Fedje har no privat vassverk og er kopla frå. Dersom Feidje vassverk vert kommunalt må mest sannsynleg garden Berge Feidje bur på bli abonnent på det kommunale vassverket. Saka får dermed konsekvenser for Berge Feidje. Kommunestyret stemte Feidje samrøystes ugild etter forvaltningslova §6. Reidunn Bolstad (AP) tredde inn som vara.
- Victoria Midlang Harbakk (AP) stilte spørsmål om ho er ugild i saka. Dersom Feidje vassverk blir kommunalt, må foreldra hennar kople seg på, og det kan føre til økonomiske konsekvensar. Kommunestyret stemte Harbakk samrøystes ugild etter forvaltningslova §6. Oddvar Tryti (AP) tredde inn som vara.



- Jens Andreas Melheim (AP) stilte spørsmål og han er ugild i saka då han har ei svigerinne som er leiar for Feidje vassverk. Kommunestyret stemte Melheim samrøystes ugild etter forvaltningslova §6.

Forslag om utsetjing - Eivind Sverre Lidal (SP)

Denne saka må utgreiast betre før det vert gjort vedtak. Kommunestyret bed om:

- Kostnadoversikt ved å kopla Feios skule, barnehagen og Feios Kyrkje til Rinde Vassverk
- Har Rinde vassverk kapasitet til dette, event. oppgradering, kostnad.
- Betre utgreiing når det gjeld Feidje Vassverk, det har våre møter saman med administrasjon i kommunen, der det ha våre diskutert fleire tiltak, desse er ikkje tekne med i saksutgreiinga.

Rune Lunde (AP) ba om gruppemøte.

Ordførar sette framlegget til Eivind Lidal (SP) under røysting, dette fall mot 4 røyster (SP: Siri Wølneberg Bøtun, Eivind Lidal, Bjarne Engum og Dag Einar Bøtun).

Ordførar sette framlegget til kommunedirektøren under røysting, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg mot 1 røyst. (SP: Siri Wølneberg Bøtun).

KS - 010/26 Vedtak:

1. Vik kommune tek ikkje over Feidje vassverk.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å greia ut moglegheita for at Feios kyrkje og Feios skule og barnehage vert kopla til Rinde vassverk.

Samrøystes.

011/26: Kristianhus - framtidig bruk og utvikling

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kristianhus skal utviklast til eit attraktivt og fleksibelt reiselivs- og opplevingssenter som støttar opp om Vik kommune si satsing på reiseliv som vekstområde.
2. Kommunedirektøren set ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for framtidig bruk av bygget og avklare investeringsbehov.
3. Arbeidsgruppa si utgreiing skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.
4. Leigeavtalen med stiftinga Kristian Otterskreds Motorsamling vert sagt opp og ikkje fornya i dagens form.
5. Stiftinga får tilbod om ein leigeavtale for eit avgrensa areal i bygget med plass til omlag 4-5 motorar, som kan være eit blikkfang for resten av samlinga lokalisert ein annan plass.



05.02.2026 Formannskapet

Rådgjevar Ole Petter Ramberg deltok på møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Kommunedirektøren si tilråding: 0 stemmer (0%)

Kristianhus - Aud Marit Berge Feidje (AP): 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

FS - 012/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kristianhus skal utviklast til eit attraktivt og fleksibelt reiselivs- og opplevingssenter som støttar opp om Vik kommune si satsing på reiseliv som vekstområde.
2. Kommunedirektøren set ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for framtidig bruk av bygget og avklare investeringsbehov.
3. Arbeidsgruppa si utgreiing skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming. Arbeidsgruppa sine utgreiingar skal jamleg leggst fram for formannskapet.
4. Leigeavtalen med stiftinga Kristian Otterskreds Motorsamling vert ikkje fornya i dagens form.
5. Stiftinga får tilbod om ein leigeavtale for eit avgrensa areal i bygget.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret

Rådgivar Ole Petter Ramberg deltok i møtet.

Framlegg til endring av vedtak sak nr. 011/26, om Kristianhus - Siri Wølneberg Bøtun (SP)

Pkt. 1: «Kristianhus med kringliggjande areal...»

Pkt 2: Stryk ordet «administrativ». Og endre til «...bygget og kringliggjande areal.» Tilføy: «Lokale reiselivsaktører og stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling skal være representert i gruppa.»

Pkt. 3. Tilføy: «.....handsaming i september.»

Pkt. 4: Stryk punktet

Pkt 5: Stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling får tilbod om ei leigeavtale for arealet dei nyttar i dag, gjeldande inn til framtidig bruk av bygget er avklart.

Nytt punkt: Kommunestyret skal på synfaring ved Kristianhus før saka skal opp til endeleg handsaming.

Med desse endringane vil vedtaket sjå slik ut:

1. Kristianhus med kringliggjande areal skal utviklast til eit attraktivt og fleksibelt reiselivs- og opplevingssenter som støttar opp om Vik kommune si satsing på reiseliv som vekstområde.



2. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for framtidig bruk av bygget med kringliggande areal, og avklare investeringsbehov. Lokale reiselivsaktører og stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling skal være representert i gruppa.
3. Arbeidsgruppa si utgreiing skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming i september.
4. Stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling får tilbod om ei leigeavtale for arealet dei nyttar i dag, gjeldande inn til framtidig bruk av bygget er avklart.
5. Kommunestyret skal på synfaring ved Kristianhus før saka skal opp til endeleg handsaming.

Aud Marit Berge Feidje (AP) ba om gruppemøte.

Rune Lunde (AP) gjorde framlegg i punkt 1 å ta med inklusiv fellesnausta.

Ordførar sette framlegget til formannskapet under røysting mot Bøtun (SP) sitt framlegg, med tillegg frå AP og kommunestyret vedtok Bøtun sitt framlegg med tillegg frå AP samrøystes.

KS - 011/26 Vedtak:

1. Kristianhus med kringliggande areal, inklusiv fellesnausta skal utviklast til eit attraktivt og fleksibelt reiselivs- og opplevingssenter som støttar opp om Vik kommune si satsing på reiseliv som vekstområde.
2. Kommunedirektøren set ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for framtidig bruk av bygget med kringliggande areal, og avklare investeringsbehov. Lokale reiselivsaktører og stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling skal være representert i gruppa.
3. Arbeidsgruppa si utgreiing skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming i september.
4. Stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling får tilbod om ei leigeavtale for arealet dei nyttar i dag, gjeldande inn til framtidig bruk av bygget er avklart.
5. Kommunestyret skal på synfaring ved Kristianhus før saka skal opp til endeleg handsaming.

Samrøystes.

012/26: Mottak av flyktningar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Vik kommune tek i mot 18 flyktningar i 2026, der 1 av dei 18 plassane vert nytta til busetting av einsleg mindreårig under 15 år, utan følgeperson.

05.02.2026 Formannskapet

Kommunalsjef Hildegard Valland og assisterande kommunedirektør Geir Svendsen deltok i møtet.



Votering nr 1 - Voting over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**FS - 016/26 Vedtak:**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommune tek i mot 18 flyktningar i 2026, der 1 av dei 18 plassane vert nytta til busetting av einsleg mindreårig under 15 år, utan følgeperson.

Samrøystes.

12.02.2026 Kommunestyret**KS - 012/26 Vedtak:**

Vik kommune tek i mot 18 flyktningar i 2026, der 1 av dei 18 plassane vert nytta til busetting av einsleg mindreårig under 15 år, utan følgeperson.

Samrøystes.

